

Referat - rådgjevarnettverk 30.11.2023

Til stades: 8 ungdomsskular og 2 VGS var representert i møtet. Judith Ulstein, Ingrid Steine Bortne, Olav Terum, Astrid Rømmen, Monica Vigdal, Mona Bukve, Erna Gjerde, Gunn Beate Sjøthun, Ingeborg Øren, Frode Saue, Rigmor Skrede, Christian Kleiven.

Forfall: Jarle Flo + rådgjevarar frå Hafslo, Flatbygdi, Feios og Kvåle var ikkje til stades denne gongen.

Saker:

1. Velkommen v/ Christian Kleiven, Judith Ulstein og Ingrid Steine Bortne

Grunna litt forfall i dag, vert programmet litt endra. Saker som går ut kan setjast opp att på seinare nettverkssamling.

2. Overgang ungdomsskule - vidaregåande skule, med fokus på GMU v/ Judith Ulstein og Astrid Rømmen

GMU

- Enno litt uavklart når det gjeld tilbodet på GMU.
- Minner om overgangsmøte med ungdomsskulane.
- Viktig at det er kartlagt språkkunnskapar (A1, A2, B1.....), tidlegare utdanning, kva morsmål dei har, kor lang butid dei har, om dei har hatt enkeltvedtak 2.8 i grunnskulen, korleis dei har vorte jobba med.
- Fire delprøvar. Lurt å ta den før jul i 10.klasse. Ein kan bestille prøvar i Sogndal og Årdal. Info om testen finn du på VFK sine nettsider. God info også på andre språk.
- Norskprøven er lurt at minoritetsspråklege elevar tek og at dokumentasjonen følgjer søknaden deira som vedlegg.
- Erna: Nettside som er nyttig med omsett forklaring. Vert sendt på e-post til deltakarane.
- Frode: NAFO har god kompetanse på dette med å kartlegge elevane som er minoritetsspråklege. UDIR sitt kartleggingssystem er ikkje godt nok.
- Midlane som følgjer flyktningar har nokre rektorar søkt om å få inn i skulen, for å få meir ressursar.
- § 2-8 vedtak. Veit rektorane nok om denne paragrafen? Vert den nytta? Kan det vere tema på eit seinare rektornettverk?
- GMU -Alle får vedtak. 3 GMU-klassar dette skuleåret i Sogndal:
 - A.klassen - dei som gjekk i fjor som såg dei trengde eit år til. Skal søkje på ordinært til neste skuleår. Får karakterar.
 - B.klassen - er ikkje på nivå for å få vurdering med karakter. Er usikre på nivået her
 - C.klassen - er heilt nye.

- I år er det mange som går frå GMU til studiespesialisering (færre vel YF)
- Læreplan for kort butid viss elevane har budd under 6 år - denne er enklare. Difor: veldig viktig at det står på søknaden deira kor lang budtid dei har i Norge.
- Råd til oss i grunnskulen: Bruk karakteren 1 og ikkje bruk snille toarar. Det er sjeldan ungdomsskulane brukar karakteren 1, det bør endrast.

3. Fortrinnsrett v/ Astrid Rømmen

Sjå info i vedlagt PowerPoint.

- HTH - Knytt til kvardagslivet
- HTA- Knytt til arbeidslivet
- Har elevar behov for skyss må dette informerast om vidare til VGS.
- Paragraf 6-15 særskilt utdanningsprogram - sær sjeldan brukt.
- Paragraf 6-18 rett til opplæring i teiknspråk - Desse går gjerne på knutepunktskule i Bergen.
- Paragraf 6-22 - rett til spesialundervising, manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga.
- Paragraf 6-23 - Har hatt rett til særskilt språkopplæring (paragraf 2-8). Manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga.
- Paragraf 6-25. Søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt. Fylkeskommunen kan òg i særskilde tilfelle behandle søknaden frå andre søkjarar individuelt. Vilåret er at det må liggje føre tungtvegande grunnar, og at søkjaren må ha eit særskilt behov for dette. Tungtvegande medisinske eller sosiale/emosjonelle grunnar. Viktig å ta desse elevane med på besøk på VGS, slik at dei vert kjende og kan få snakke med lærarar/rådgjevarar når dei er i 10.klasse.
- Minoritetsspråklege: Sjå PowerPoint
- Behov for spesialundervising: Viktig å få samtykke til å vidareseende informasjon til VGS.
- Vert vedleggsskjema sendt via Vigo vidaresendt slik at VGS får denne informasjonen? Dette er tydelegvis eit problem. Informasjonen stoppar opp. Systemet er for dårleg her. Det fungerer ikkje godt per i dag. Mykje verdifull informasjon stoppar opp. Pass på at VGS får beskjed om at det er sendt vedleggsskjema, slik at dei kan etterlyse dokumenta.
- Overgangsmøte melom skulane. Frå avgjevarskule møter: Rådgjevar, kontaktlærar, leiing? Her må dei som verkeleg kjenner elevane møte. Tidspunkt - starten av juni. Kva info treng VGS? Kva rører seg i kullet, kven bør/bør ikkje gå i same klasse, tilrettelegging fagleg/sosialt, dysleksi, anna?
- Elevar med fortrinnsrett, eige skjema 1.oktober. VGS blir invitert med i ansvarsgruppemøte i 9.kl ofte. Viktig at det er rett person som er koordinator – nokon frå kommunen – men ikkje læraren.
- «Læringshjørnet» eige lokale for elevar med m.a psykisk utviklingshemming. Går inn og ut av sosiale fellesskap og andre klassar. Etter 3 år går dei tilbake til kommunen. Plar ikkje overta personale frå ungdomssteget i VGS, då det ofte er greitt med nye vaksne.
- Viktig å få samtykke frå føresette før dialog med VGS om enkeltelevar.

- Det er ei gruppe elevar som hamnar mellom to stolar, uheldig! Ingen paragraf som passar for dei med dårlegare karakterar.
- **Dysleksi** - viktig at grunnskulen sender dokumentasjon om dette vidare. NB! Må ha betre overføring av skrivestøtteprogram for dyslektikarar.
- Det er lurt om foreldre og elev får opplæring i lag i grunnskulen.
- Lydbiblioteket og digitale bøker kan vere aktuelt.
- Skrivestøtteprogram. Utfordring: aktiveringsnøkkel er ofte mista og kommune-e-post fungerer ikkje lengre. Programvare er ikkje oppdatert. Opplæring i programma varierer mykje frå skule til skule òg. Lingdys+ er det som vert brukt. Med Lingdys + er det ein språkpakke med engelsk, tysk og spansk òg. Lesevenn på mobil er òg tilgjengeleg via Lingdys+. Bruk opplæringsvideoar på [Lingdys for Windows: Opplæring og støtte - Lingit](#)
- [Dysmate – Dysleksitest for barn, ungdom og voksne](#) Brukt på nokre grunnskular mellom anna i Årdal, der dei nett er begynt og målet der er at alle elevane skal ta dette. Astrid utfører dette ved Sogndal VGS. Rettleiingstenesta utfører ikkje lenger dysleksitesting. Astrid skriv ut stadfesting på dysleksi som vert godkjent av t.d Hjelpemiddelsentralen.

4. Omvising og informasjon om HVL sitt tilbod v/Sigrun Røyset, lærarstudent HVL og Oskar Brattetaule, sjukepleiarstudent, HVL.

Sjå eigen presentasjon vedlagt.

5. Sluttarar i vidaregåande skule v/Monika Vigdal ved Årdal VGS og Judith Ulstein ved Sogndal VGS

Statistikk og utvikling ved Årdal VGS og Sogndal VGS. Bakanforliggjande årsaker. Korleis førebyggjer me i ungdomsskulen og ved VGS?

- Årdal VGS - få sluttarar, berre ein eller to per år. Kan vera utfordrande å behalda nye elevar som er minoritetsspråklege. Utfordring - å ha kontinuerleg oversikt over elevar med høgt fråvær. Dette er noko ein kan teknisk få Visma til å varsle om, der elevar passerer t.d. 15 dagar med høgt fråvær.
- Sogndal VGS - Har ein del fråfall. Kring 10 sluttar per år i snitt av ulike samansette problemstillingar, ofte helsereelatert/personlege årsaker/flytting. Ein del av dei som har skulevegring kan få ein ny og betre start på VGS. Avgjerande: Tett relasjon med kontaktlærar før dei kjem til VGS er heilt avgjerande. Nokre elevar treng pause etter grunnskulen - det finns ein del folkehøgskular som har tilbod til elevar etter grunnskulen. Dette kan vera nyttig for dei som ikkje er klare for VGS som 16-åringar. Nokre treng eit friår for å jobbe før VGS. Russegrupper øydelegg ein del for trivselen for ein del elevar. I somme tilfelle kan psykiske sjuke ungdommar ha vanskar med å begynne rett på VGS. Her kan BUP vera med på å gje råd til dei elevane som kanskje ikkje er klare for å starte på VGS. Full opplæring i bedrift kan i sjeldne tilfelle òg eit alternativ. [Produksjonsskulane](#) i Vestland (Hysingen og Hardanger) kan vera eit alternativ for elevar med motivasjonsproblem eller elevar som føler seg utanfor.

6. Korleis har me teke eller kan me ta i bruk det nasjonale kvalitetsrammeverket for karrierettleiing? v/ Judith Ulstein

- Lenkje til denne: [Title \(kompetansenorge.no\)](https://kompetansenorge.no) Dei sokalla karriereknappane som Jørund frå Firda VGS snakka om på møtet på Sogndal hotell er omtala frå side 61 og utover. Korleis me kan implementere dei fem kompetanseområda under, kan vera tema til rådgjevarsamling seinare. Farnes skule kan t.d dele om sin plan for psykisk helse

De fem kompetanseområdene er:

- 1) Meg i kontekst
- 2) Mulighetshorisont og begrensninger
- 3) Valg og tilfældigheter
- 4) Endring og stabilitet
- 5) Tilpasning og motstand

7. Open post. Vegne vidare. Evaluering

- Tips: Det er mange invitasjonar til spennande opplegg for 10.klassingane, og det kan vere lurt at det er føresette som må melde sine ungdommar på besøksdagar slik at det vert litt meir forpliktande. Nokre skular opplever at elevar melder seg på slike opplegg kunn for å få fri frå ordinær undervisning.

-Innovasjons- og karrieredag ved HVL for 10.klassingar vart gjennomført for første gong i oktober i år. Kva kan gjerast annleis, korleis kan me forbetre opplegget neste år?

-Årleg dialogmøte mellom leiarar i ungdomsskule og VGS, bør rådgjevarane delta her?

-Finns det ressursar til å arrangere ein to dagars samling for rådgjevarane? Kan regionen bidra? Ingrid tek med seg spørsmålet.

-Ressurs rådgiving/ sosialpedagogisk rådgjeving ved skulane varierer. Til neste samling 18.4.24 er det fint om alle kan skrive heilt kortfatta om sin stilling (ressurs, oppgåver, organisering osv) og sende til Jarle/Christian/Ingrid på e-post for samanfatting av eit dokument til deling i nettverket.

Takk for eit godt og nyttig møte!

Skrivar: Christian Kleiven